

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Kontrollutvalet</b>
<b>Møtestad:</b>	Møterom 425 Sunnhordland, Fylkeshuset
<b>Dato:</b>	12.03.2018
<b>Tid:</b>	10:00

### Møteplan:

Kl. 10.00 – 12.00	Kurs innan habilitet – I møterom «Vestlandet», i 1. etasje i fylkeshuset
Kl. 12.00 – 12.30	Lunsj
Kl. 12.30 – 14.00	Fylkesrådmannen orienterer om ny personvernlov, i møterom 425 i fylkeshuset
Kl. 14.00 –	Sakshandsaming

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved å **ringa** til Roald Breistein, tlf. 55 23 94 47/ 975 05 152 eller til Hogne Haktorson, tlf. 55 23 94 53/911 05 982.

Kristian Helland (KRF) har meldt forfall til dette møtet og vara vert innkalla.

Til andre varamedlemer er denne innkallinga å sjå på som ei orientering. Dersom det vert aktuelt at andre varamedlemer må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Møteinnkallinga til dette møtet finn du også på denne lenkja:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=773>

Møteboka frå møte i kontrollutvalet 05.02.2018 finn du på denne lenkja:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=772>

På iPad kan møteinnkallinga til dette møtet, og møteprotokollen frå møte 05.02.2018, lastas ned på ePolitiker og lesast i GoodReader.

Inge Reidar Kallevåg  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift*

Kopi: Fylkesrådmann  
Fylkesordførar  
Revisor

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 15/18	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 16/18	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 17/18	Fylkesrådmannen orienterer om ny personvernlov	2018/596	
PS 18/18	Oppfølging - Selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i	2015/8849	
PS 19/18	Oppfølging - Selskapskontroll av Hardanger AKS AS	2015/943	
PS 20/18	Val av sekretariatsordning for kontrollutvalet i ny fylkeskommune	2016/3311	
PS 21/18	Selskapskontroll av Grieghallen IKS - Status i arbeidet ved Deloitte	2017/15170	
PS 22/18	Forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring - Status i arbeidet ved Deloitte	2017/13387	
PS 23/18	Kurs i regi av Deloitte i 2018	2014/10532	
PS 24/18	Rekneskapsresultat for kontrollutvalet for 2017	2016/4239	
PS 25/18	Gjennomgang av møteprotokoller	2015/11023	
PS 26/18	Referatsaker		
RS 2/18	Tilsynsrapport - fagopplæring	2015/12604	
RS 3/18	Status for spørsmål og oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. februar 2018	2015/10348	
RS 4/18	FUV 01.02.18 - Val av eigarrepresentantar for 2018	2015/11183	
RS 5/18	FUV 01.02.18 - Retningsliner for arkiv og offentlegheit i selskap fylkeskommunen eig	2015/8849	
RS 6/18	FUV 21.02.18 - Revisjon av rutine for varsling	2018/8138	
RS 7/18	TING 06.03.18 - Finansforvaltninga i 2017	2016/4239	
RS 8/18	Ting 06.03.18 - Reglement for mottak og registrering av gaver mv.	2015/12602	
RS 9/18	Fylkeskommunen sitt eigarskap i NDLA - svar på spørsmål	2016/2086	
RS 10/18	Agder Bomdrift AS	2015/11183	
RS 11/18	Haugaland Bompengeselskap AS	2015/11183	
RS 12/18	Invitasjon til FKTs fagkonferanse 29. - 30. mai 2018 på Gardermoen	2014/10539	
PS 27/18	Eventuelt		



**PS 15/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**PS 16/18 Godkjenning av møtebok frå forrige møte**



Arkivnr: 2018/596-3  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	17/18	12.03.2018

### Fylkesrådmannen orienterer om ny personvernlov

#### Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 5/18 i møte 05.02.2018:

1. *Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen til neste møte svare skriftleg på dei 7 spørsmåla som går fram under drøftingspunktet over når det gjeld status i arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Det skriftlege svaret bes levert sekretariatet innan 27.02.2018.*
2. *I tillegg ber kontrollutvalet fylkesrådmannen om å komme i møte 12.03.2018 for å orientere munnleg om saka.*

Dei 7 spørsmåla det vert vist til i punkt 1 i vedtaket lyd slik:

1. Er det nokon som jobber med ny personvernlov?
2. Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar?
3. Er det inngått databehandlaravtalar, og er desse oppdatert?
4. Er det oppretta personvernombod/rådgiver?
5. Er personvernerklæringa oppdatert?
6. Er det innebygd personvern i datasystemer?
7. Er det vurdert å få vennligsinna hackere til å teste datasystemer?

#### Drøfting:

Skriftleg svar frå fylkesrådmannen på dei 7 spørsmåla ligg ved. Slik sekretariatet ser det går det fram av svaret at fylkeskommunen har relativt god kontroll på kva utfordringar som må løysast før den nye lova trer i kraft. Det er også avtalt at fylkesrådmannen kjem i møte for å orientere munnleg om saka.

#### Konklusjon:

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i fylkesrådmannen si munnlege orientering vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering. Det vert i tillegg tilrådd at kontrollutvalet ber om å få skriftleg og munnleg orientering om korleis tilpassinga til ny personvernlov har gått i møte i kontrollutvalet 24.09.18.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med skriftleg og munnleg orientering om korleis tilpassinga til ny personvernlov har gått i møte i utvalet 24.09.2018.
2. Den skriftlege orientering bes sendt sekretariatet innan 10.09.2018.
3. Informasjonen vert elles teken til orientering.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Ny personvernlov frå 2018 – status på tilpassing i Hordaland fylkeskommune

**Notat**Dato: 23.02.2018  
Arkivsak: 2018/7931-1  
Saksbehandlar: torrutl

---

**Til:** Sekretariat for kontrollutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannenl

---

**Ny personvernlov frå 2018 – status på tilpassing i Hordaland fylkeskommune**

Fylkesrådmannen viser til protokoll frå møtet i Kontrollutvalet 05.02.18 (PS 5/2018), der utvalet ber om ein status på tilpassinga til ny personvernlovgjeving.

Kontrollutvalet stiller følgjande spørsmål:

**1. Er det nokon som jobbar med ny personvernlov?**

Som Kontrollutvalet tidlegare er orientert om (RS 53/2017) gjennomførte revisjons- og rådgjevingsselskapet KPMG hausten 2017 ein gapanalyse i heile organisasjonen med unntak av Skyss, for å kartleggje på kva område fylkeskommunen per i dag ikkje har rutinar og prosedyrar som tilfredsstillar det nye regelverket. Tilsvarande gjennomgang er seinare gjennomført hos Skyss i regi av revisjons- og rådgjevingsselskapet PwC.

Analysane avdekka at Hordaland fylkeskommune og Skyss har eit betydeleg arbeid framfor seg for å sikre at interne rutinar og prosedyrar er i samsvar med det nye regelverket. Det er utarbeidd ein overordna tiltaksplan, som Økonomi- og organisasjonsavdelinga på vegner av fylkesrådmannen følgjer opp gjennom eit eget prosjekt. Alle avdelingane har peikt ut lokale personvernkoordinatorar, som representerer fagavdelingane inn i prosjektet og koordinerer aktuelle aktivitetar i sine respektive einingar.

Skyss har ein eigen tiltaksplan som vert følgt opp lokalt.

**2. Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar?**

Hordaland fylkeskommune har i dag 61 ulike system med personopplysningar. 17 av desse systema inneheld sensitive personopplysningar.

Avdelingane arbeider med å gå gjennom bruken av personopplysningar og vurderer om behandlingsgrunnlaget er dekkja av lov eller samtykke. Hordaland fylkeskommune vil oppdatere dei generelle retningslinjene for behandling av personopplysningar for å sikre at dei ulike avdelingane innhentar gyldig samtykke iht. ny personvernlov der dette er naudsynt. Avdelingar som nyttar samtykkeerklæringar i dag, vurderer om det må hentast inn nytt samtykke frå dei registrerte.

### **3. Er det inngått databehandlaravtalar, og er desse oppdatert?**

Hordaland fylkeskommune har inngått databehandlaravtalar med dei fleste eksterne systemleverandørane. Det er etablert dialog med alle leverandørane for å få på plass oppdaterte databehandlaravtalar i tråd med ny personvernlov.

### **4. Er det oppretta personvernombod/rådgivar?**

Hordaland fylkeskommune var ein av dei første fylkeskommunane som fekk godkjenning frå Datatilsynet til å etablere ordning med eget personvernombod våren 2015. I samband med innføringa av ny personvernlov og vidare oppfølging av denne har fylkesrådmannen vedteke å utvide funksjonen som personvernombod til ei heiltidsstilling. Nytt personvernombod tiltrer stillinga primo april i år og vil rapportere administrativt til fylkesdirektør økonomi og organisasjon, med ei stipla linje til fylkesrådmannen på same måte som elev- og lærlingombodet og mobbeombodet.

### **5. Er personvernerklæringa oppdatert?**

Hordaland fylkeskommune har fleire personvernerklæringar i dag. Desse vil bli oppdaterte i tråd med ny personvernlov.

### **6. Er det innebygd personvern i datasystem?**

Hordaland fylkeskommune er i dialog med dei eksterne systemleverandørane våre for å kartleggje status for innebygd personvern i systema, jfr. også spørsmål 3.

### **7. Er det vurdert å få vennlegsinna hackere til å teste datasystem?**

Hordaland fylkeskommune har høg merksemd på informasjonssikkerheit og fysisk IT-sikkerheit og arbeider kontinuerleg med ulike rutinar og tiltak for å sikre at dette vert følgt opp i den daglege drifta. Det har så langt ikkje vore vurdert å engasjere eksterne hackere for å foreta slike systemtestar.







Arkivnr: 2015/8849-123

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	18/18	12.03.2018

## Oppfølging - Selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i

Bakgrunn for saka:

**Selskapskontrollrapport innan selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i vart handsama i fylkestinget 14.12.2016 der det vart gjort slikt vedtak:**

1. *På bakgrunn av selskapskontroll av «Arkiv- og journalføringsplikt i selskap i Hordaland fylkeskommune», ber fylkestinget **fylkesrådmannen** syta for å:*
  - a. *Utforme retningsliner for arkiv og offentlegheit i selskap dei har eigarskap i. Dette for å sikra at selskapa følgjer regelverket, for å sikre innsyn i selskapa og for å sikre at arkivverdig dokumentasjon ikkje går tapt.*
  - b. *Følgje opp at det i selskapa er gjort dokumenterte vurderingar av kva krav selskapa er underlagt, knytt til arkiv og journalføring.*
  - c. *Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 1.3.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*
  
11. *På bakgrunn av selskapskontroll av «Arkiv- og journalføringsplikt i selskap i Hordaland fylkeskommune» ber fylkestinget **Sunnhordland Lufthavn AS** syta for å:*
  - a. *Følgje opp dei avvika som er nemnde i rapporten*
  - b. *Innføre naudsynte system og rutinar for å sikre at dei etterlever krav i regelverket*
  - c. *Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 1.3.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

**Tidlegare oppfølging:**

Denne saka har vore følgd opp ved tre tidlegare høve, 15.06.2017, 12.09.17 og 18.12.17. Ved desse oppfølgingane har kontrollutvalet gjort seg ferdig med alle selskapa som var omfatta av selskapskontroll med unntak av nr. 11 Sunnhordland Lufthavn AS. I tillegg er oppfølginga i høve nr. 1 Fylkesrådmannen heller ikkje ferdig.

**For nr. 11 Stord Lufthavn AS vart det 15.06.2017 gjort slikt vedtak:**

*Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som **Stord Lufthavn AS** har planlagt å sette i verk etter gjennomført selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av tilbakemeldinga går det fram at forbetningsarbeidet skal vera ferdig implementert frå 01.01.2018 med utarbeiding av prosedyrar og oppretting av postjournal. På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om ny status i forbetningsarbeidet i form av kopi av prosedyrar og postjournal innan 31.12.2017.*

**For nr 1. Fylkesrådmannen vart det 18.12.2017 gjort slikt vedtak:**

2. *Kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg status på forbetningsarbeidet på selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap når det gjeld nr. 1 **Fylkesrådmannen** innan 19.02.17.*

Drøfting:

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at fylkestinget sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om selskapskontroll og forvaltningsrevisjon vert følgd opp. Det vert vist til «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» § 12 «Oppfølging av forvaltningsrevisjoner» der det står dette:

*«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.*

*Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»*

Vi har no motteke tilbakemelding frå **Stord Lufthavn AS** som viser at forbetringstiltaka for det meste er ferdig gjennomført. På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet seie seg ferdig med oppfølginga her.

Når det gjeld tilbakemelding frå **fylkesrådmannen** er denne ikkje motteke innan svarfristen som var sett til 19.02.2018. Purring vart send 28.02.18, men svar er enno ikkje motteke. Sekretariatet meiner at kontrollutvalet bør gje uttrykk for at det ikkje er tilfredsstillande at fylkesrådmannen ikkje har svart på denne oppfølginga innan fristen. Det er som kjent no over 1 år sidan rapporten vart vedteke i fylkestinget og forbetringstiltaka burde vore ferdig gjennomført no.

Sekretariatet er likevel kjend med at fylkesrådmannen la fram sak for fylkesutvalet 01.02.2018 om rutinar for arkiv- og journalføring i selskap i Hordaland fylkeskommune. Saka, inkludert vedtak, ligg som referatsak til dette møtet. På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet be om å få ny skriftleg status på forbetningsarbeidet seinast innan 16.04.17

Konklusjon:

På bakgrunn av at det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet er nøgd med tilbakemeldinga frå **nr. 11 Stord Lufthavn AS** og seier seg ferdig med saka.

Når det gjeld **nr. 1 Fylkesrådmannen** vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg status på forbetningsarbeidet seinast innan 16.04.17. I tillegg vert det tilrådd at utvalet gjev uttrykk for at det ikkje er tilfredstillande at fylkesrådmannen ikkje har svart på oppfølginga innan den fastsette fristen.

#### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet er nøgd med tilbakemeldinga på selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap og seier seg ferdig med saka når det gjeld **nr 11. Stord Lufthavn AS**.
2. Kontrollutvalet meiner at det ikkje er tilfredstillande at fylkesrådmannen ikkje har svart på oppfølginga innan den fastsette fristen.
3. Kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg status på forbetningsarbeidet på selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap når det gjeld **nr. 1 Fylkesrådmannen** seinast innan 16.04.17.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Kopi av postjournal Stord Lufthamn

## INNGÅANDE POST 2018

Mottatt dato:	Journalnr:	Avsender:	Avsenders referanse	Dato dokument:	Emne/Innhold:	Saksbehandler:	Behandlingsfrist:	Unntatt offentlighet:
15.01.2018	2018-201	Luftfartstilsynet	17/18126-6	12.12.2017	<a href="#">EU-sertifikat med vedlegg</a>	Kjell Kristian Hollund		
23.01.2018	2018-202	NAV	2018/0037006-1	17.01.2017	<a href="#">Tilsagn tilrettelegging LJB</a>	Kjell Kristian Hollund	05.06.2018	jf.offl.§13
02.02.2018	2018-203	Luftfartstilsynet	18/01603-4	22.01.2018	<a href="#">Godkjenning opertiv leiar AFIS</a>	Jan Morten Myklebust		
14.02.2018	2018-204	Luftfartstilsynet	17/20441-1	06.02.2018	<a href="#">Avtale om flyværtjeneste</a>	Jan Morten Myklebust		
20.01.2018	2018-205	Samferdselsdepartementet	15/2841-42	10.01.2018	<a href="#">Avtale om kompensasjon for drift</a>	Jan Morten Myklebust		
14.02.2018	2018-206	Luftfartstilsynet	17/20316-5	01.02.2018	<a href="#">Oppfølging av godkjenning utdanningsorg.</a>	Jan Morten Myklebust		
02.02.2018	2018-207	Miljødirektoratet	2017/143	01.02.2018	<a href="#">Informasjon om egenkontrollrapportering</a>	Kjell Kristian Hollund	01.03.2018	

## UTGÅANDE POST 2018

Dato:	Vår referanse/jnr	Mottaker:	Emne/Innhold:	Saksbehandler	Behandlingsfrist:	Kopi til:	Unntatt offentlighet:
04.01.2018	2018-101	NAV	<a href="#">Refusjonskrav tilrettelegging LJB</a>	KKH			jf. Offl. § 13
05.01.2018	2018-102	NAV	<a href="#">Søknad om tilrettelegging forlenging</a>	KKH			jf. Offl. § 13
22.01.2018	2018-103	Luftfartstilsynet	<a href="#">Søknad om godkjenning ny opertiv leiar AFIS</a>	JMM			



Arkivnr: 2015/943-69  
Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	19/18	12.03.2018

## Oppfølging - Selskapskontroll av Hardanger AKS AS

### Bakgrunn for saka:

**Selskapskontrollrapport av Hardanger AKS AS vart handsama i fylkestinget 14.6.2016 der det vart gjort slikt vedtak:**

«På bakgrunn av selskapskontroll av Hardanger AKS AS ber fylkestinget **fylkesrådmannen** syta for å:

1. Setje i verk tiltak i tråd med dei 5 tilrådingane frå Deloitte som går fram av punkt 9 i rapporten.
2. Laga ein prioritert handlingsplan innan 1.10.2016 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

**Det går fram av punkt 9 i rapporten at Deloitte tilrår at Hordaland fylkeskommune set i verk følgjande tiltak:**

1. Vurderer å stille krav til styra om å gjennomføre styreevalueringar, kompetansevurderingar, utarbeide årleg plan, styreinstruks og instruks for dagleg leiar.
2. Vurderer å sende fylkeskommunen si eigarmelding og eigarstrategiar til selskapa fylkeskommunen har eigarskap i, slik at fylkeskommunen sine rutinar for eigarstyring er kjent for selskapa.
3. Vurderer å slutta seg til eigarstrategien til Kvam herad
4. Sørger for at krava i den generelle avtalen som er inngått mellom Hordaland fylkeskommunen og Hardanger AKS blir etterlevd. Under dette sørge for at det blir inngått elevkontraktar mellom skulen og selskapet, og at selskapet dokumenterer eleven sin arbeidspraksis i tilstrekkeleg grad før fylkeskommunen betaler for praksisplassen.
5. Formaliserer forventingar og krav til selskapet vedrørende oppfølging av elevane og korleis selskapet skal rapportere til skulen om til dømes manglande oppmøte og liknande.»

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at fylkestinget sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltningsrevisjon vert følgt opp. Det vert vist til «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» § 12 «Oppfølging av forvaltningsrevisjoner» der det står dette:

*«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.*

*Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»*

Vi legg til grunn at dette ansvaret også gjeld for revisjonsrapportar om selskapskontroll.

**På bakgrunn av vedtaka i fylkestinget i juni 2016 handsama kontrollutvalet tilbakemelding om status på forbetningsarbeidet frå fylkesrådmannen og frå Hardanger AKS AS i møte 20.10.2016. Der vart det gjort slikt vedtak:**

1. *Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp, både av fylkesrådmannen og av styret/dagleg leiar, i samband med selskapskontroll av Hardanger AKS AS.*
2. *På bakgrunn av at det meste av forbetningsarbeidet skal vera ferdig innan utgangen av mars 2017, ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.3.2017. Denne tilbakemeldinga må innehalde dokumentasjon som viser kva som er gjort i praksis på kvart av forbetningspunkta.*

**Kontrollutvalet handsama tilbakemelding på forbetningsarbeidet frå Fylkesrådmannen og Hardanger AKS AS i møte 23.05.2017 der det vert gjort slikt vedtak:**

1. Kontrollutvalet ber **fylkesrådmannen** om ny status på alle 5 punkta i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.09.2017. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon som viser kva som er gjort i praksis på kvart av forbetningspunkta.
2. Kontrollutvalet ber **styret/dagleg leiar i Hardanger AKS AS** om ny status i form av skriftleg tilbakemelding på punkta 3 til 12, 14b og 16 innan 01.09.2017. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon som viser kva som er gjort i praksis på kvart av forbetningspunkta.

**Kontrollutvalet handsama tilbakemelding på forbetningsarbeidet frå Fylkesrådmannen og Hardanger AKS AS i møte 30.11.2017 der det vert gjort slikt vedtak:**

1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune meiner at det ikkje er tilfredsstillande at **Fylkesrådmannen** sitt forbetningsarbeid etter selskapskontroll av Hardanger AKS AS ikkje er ferdig nesten 1,5 år etter at vedtaket i fylkestinget vart gjort.
2. Kontrollutvalet har forventning om at arbeidet er ferdig innan utgangen av 2017 og ber om ny skriftleg tilbakemelding på arbeidet innan 15.01.2018.
3. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er nøgd med at **Hardanger AKS AS** er ferdig med sitt forbetningsarbeid i høve denne selskapskontrollen og seier seg ferdig med saka.

Drøfting:

**Sekretariatet mottok 12.02.2018 vedlagte status på forbetningsarbeidet frå Fylkesrådmannen dagsett 18.01.2018.**



Av denne tilbakemeldinga går det fram at fylkesrådmannen har svart tilfredstillande på punkt 4 og 5 i vedtaket i fylkestinget 14.06.2016. Sekretariatet kan derimot ikkje sjå å ha motteke utfyllande svar på punkta 1, 2 og 3. Det er no snart 1 ¼ år sidan vedtaket vart gjort i fylkestinget og sekretariatet meiner det er lite tilfredstillande at ikkje kontrollutvalet har motteke utfyllande svar på dei tre gjenståande punkta. På bakgrunn av dette bør utvalet få fram at det no er forventning om at forbetningsarbeidet vert ferdig snarast og be om ny skriftleg tilbakemelding på arbeidet seinast innan 16.04.2018. Kontrollutvalet bør i tillegg invitere fylkesrådmannen inn i neste møte for å gjera greie for kvifor forbetningsarbeidet i denne selskapskontrollen har teke så lang tid.

#### Konklusjon:

Det vert tilrådd at kontrollutvalet gjev uttrykk for at det er lite tilfredstillande at **Fylkesrådmannen** enno ikkje har svart utfyllande på alle punkt i høve forbetningsarbeid på denne selskapskontrollen, nesten 1 ¼ år etter at vedtaket i fylkestinget vart gjort. Utvalet bør vidare ha forventning om at arbeidet er ferdig snarast, og be om ny skriftleg utfyllande tilbakemelding på arbeidet når det gjeld punkt 1, 2 og 3, seinast innan 16.04.2018. Tiltaka som er gjennomført bør i tillegg kunne dokumenterast. Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å komme i neste møte for å gjera greie for kvifor forbetningsarbeidet i denne selskapskontrollen har teke så lang tid.

#### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune meiner at det er lite tilfredstillande at **Fylkesrådmannen** enno ikkje har svart utfyllande på alle punkt i høve forbetningsarbeid på selskapskontroll av Hardanger AKS AS, nesten 1 ¼ år etter at vedtaket i fylkestinget vart gjort.
2. Kontrollutvalet har forventning om at arbeidet er ferdig snarast, og ber om ny skriftleg utfyllande tilbakemelding på arbeidet når det gjeld punkt 1, 2 og 3, seinast innan 16.04.2018. Tiltaka som er gjennomført må i tillegg dokumenterast.
3. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å komme i neste møte for å gjera greie for kvifor forbetningsarbeidet i denne selskapskontrollen har teke så lang tid.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Selskapskontroll i Hardanger AKS AS – statusrapport 18.01.2018

**Notat**Dato: 18.01.2018  
Arkivsak: 2015/943-70  
Saksbehandlar: hanglop1

---

<b>Til:</b>	Kontrollutvalget
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

**Selskapskontroll i Hardanger AKS AS – statusrapport 18.01.2018****Bakgrunn**

Då kontrollutvalet handsama «*Oppfølging – selskapskontroll av Hardanger AKS AS*» (PS 114/2017) den 30.10.2017, vart det bedt om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 15.01.2018. Det vert også tilrådd at denne tilbakemeldinga inneheldt dokumentasjon som viser kva som er gjort i praksis på kvart av forbetningspunkta. Vedtaket i kontrollutvalet var som følgjer:

**Vedtaket:**

1. *Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune meiner at det ikkje er tilfredstillande at **Fylkesrådmannen** sitt forbetningsarbeid etter selskapskontroll av Hardanger AKS AS ikkje er ferdig nesten 1,5 år etter at vedtaket i fylkestinget vart gjort.*
2. *Kontrollutvalet har forventning om at arbeidet er ferdig innan utgangen av 2017 og ber om ny skriftleg tilbakemelding på arbeidet innan 15.01.2018.*
3. *Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune er nøgd med at **Hardanger AKS AS** er ferdig med sitt forbetningsarbeid i høve denne selskapskontrollen og seier seg ferdig med saka.*

Då «*Selskapskontroll Hardanger AKS AS – revisjonsrapport*» (PS 28/16) vart handsama av fylkestinget 14.06.2016 tilrådde Deloitte mellom anna at Hordaland fylkeskommune sette i verk fylgjande tiltak

1. *Vurderer å stille krav til styra om å gjennomføre styreevalueringar, kompetansevurderingar, utarbeide årleg plan, styreinstruks og instruks for dagleg leiar.*
2. *Vurderer å sende fylkeskommunen si eigarmelding og eigarstrategiar til selskapa fylkeskommunen har eigarskap i, slik at fylkeskommunen sine rutinar for eigarstyring er kjent for selskapa.*
3. *Vurderer å slutta seg til eigarstrategien til Kvam herad*
4. *Sørger for at krava i den generelle avtalen som er inngått mellom Hordaland fylkeskommunen og Hardanger AKS blir etterlevd. Under dette sørge for at det blir inngått elevkontraktar mellom skulen og selskapet, og at selskapet dokumenterer eleven sin arbeidspraksis i tilstrekkeleg grad før fylkeskommunen betaler for praksisplassen.*
5. *Formaliserer forventingar og krav til selskapet vedrørende oppfølging av elevane og korleis selskapet skal rapportere til skulen om til dømes manglande oppmøte og liknande.*

Kontrollutvalet er ikkje nøgd med rapporteringa så langt, og under kjem ei utdjupande tilbakemelding og statusrapport knytt til punkt 4 og punkt 5 på tiltakslista.

**Statusrapport knytt til punkt 4 og 5 pr. 18.08.2018**

Hordaland fylkeskommune v/Oplæringsavdelinga har inngått avtale med Hardanger AKS skuleåra 2016/2017 og 2017/2018. I avtalen står det at Hardanger AKS skal leggje ved elevkontrakt, oversikt over frammøtte dagar og fråvær, og rapport frå arbeidsutprøvinga saman med refusjonskravet. Rådgjevaren frå Fellestenester som tar i mot refusjonskrava kontrollerer saman med ein rådgjevar frå Seksjon skule om

dokumentasjonen frå Hardanger AKS er i tråd med avtalen som er gjort. Dette ifølgje interne rutinar på opplæringsavdelinga.

Skuleåret 2016/2017 var det ein elev frå Øystese gymnas som hadde arbeidspraksis på Hardanger AKS. Hordaland fylkeskommune fekk elevkontrakten og elevrapporten i tråd med den generelle avtalen. Skuleåret 2017/2018 er det ein elev frå Framnes kvgs. som får arbeidspraksis på Hardanger AKS. Selskapet har nå sendt refusjonskrav for hausten 2017, og dokumentasjonen er sendt til HFK i posten.

Alle skular i HFK med elevar som kan vere aktuelle for arbeidspraksis i ein arbeidsmarknadsbedrift har fått informasjon frå Seksjon skule om innhaldet i den generelle avtalen, vilkåra for elevkontrakt, oppfølgingsrutinar og ansvar. Den generelle avtalen og mal for elevkontrakten ligg i kvalitetssystemet til HFK, og er tilgjengeleg for alle skular.



Arkivnr: 2016/3311-9  
Saksbehandlar: Inge Reidar Kallevåg

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	20/18	12.03.2018
Fellesnemnda		

## Val av sekretariatsordning for kontrollutvalet i ny fylkeskommune

### Bakgrunn for saka:

Inndelingslova § 26 omhandlar fellesnemnd. I 5. lekk står følgjande:

«Nemnda kan få fullmakt til å tilsetje personale i den nye eininga. Dette omfattar også tilsetjing av administrasjonssjef og revisor. Tilsetjing av revisor skjer på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala. Nemnda kan òg få fullmakt til å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller vidareføre avtale med annan revisor. Tilsvarande gjeld for sekretariatet for kontrollutvalet. Slikt vedtak skjer etter innstilling frå kontrollutvala.»

Fylkestinga i Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune fatta 27.10.17 likelydande vedtak om mandat til Fellesnemnda. Pkt. 14 i mandatet lyder slik:

«Fellesnemnda får mynde til å tilsetje administrasjonssjef, samt velje sekretariatsordning for kontrollutvalet, revisjonsordning og revisor.»

Fellesnemnda fatta så slik samrøystes vedtak i sitt første møte, sak PS 4/17 (sakshandsamar har utheva noko tekst):

1. Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektlear fullmakt til å utforme og fastsetje den administrative organiseringa av den nye fylkeskommunen **med unntak for sekretariatet for kontrollutvalet**, i samsvar med fellesnemnda si vedtekne politiske organisering samt føringane i intensjonsplanen, datert 17.01.2017.
2. Fellesnemnda gjev fylkesrådmennene/prosjektlear fullmakt til å inngå avtalar om innkjøp og drift av administrative styringsverktøy for den nye fylkeskommunen.
3. Fylkesrådmennene/prosjektlear får fullmakt til overføring og tilsetjing av personell i den nye fylkeskommunen men **med unntak for stillingar i sekretariatet for kontrollutvalet**, samt til å gjere vedtak i personalsaker. Med denne fullmakta følger også ansvaret for eit informasjons- og drøftingsopplegg med dei tillitsvalde gjennom samanslåingsprosessen.

Denne saka handlar i første rekke om sekretariatsordning, men det er også funne naturleg å avklara prosess med å avklara kven som skal leia sekretariatet, samt spørsmål om lokalisering.

Kontrollutvala i dei to fylkeskommunane hadde arbeidsmøte 21.11.17. I saksframlegget står følgjande opplysning om sekretariatsordninga slik den er i dag:

*«Dei to fylkeskommunane har sekretariatsordning i eigenregi der dei tilsette i sekretariata er tilsette i fylkeskommunen. Hordaland fylkeskommune har eit sekretariat som består av fem tilsette, der sekretariatet sel tenester til kontrollutvala i 17 kommunar og eit kyrkjeleg fellesråd i tillegg til å vere sekretariat for fylkeskommunen. Sekretariatet i Sogn og Fjordane fylkeskommune består av ein tilsett, som har sekretariatsansvaret for fylkeskommunen.»*

Det vart ikkje fatta vedtak i saka, men i protokoll frå møtet er med at kontrollutvalsleiarane skulle skriva saksframlegg i saka.

### Drøfting.

Kontrollutvalssekretariata i Noreg kom til i kraft av ny forskrift om kontrollutval av 2004, der det gjekk fram at alle kommunar og fylkeskommunar skulle ha eit kontrollutvalssekretariat innan 01.01.2005. Desse skulle vera uavhengig både ft. revisjonen og ift. kommuneadministrasjon.

Kommunal- og Moderniseringsdepartementet (KMD), har bestilt to landsdekkande kartleggingar av sekretariatsordningane etter det:

- I 2009 skreiv Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) «Notat om ulike sekretariatsordningar for kontrollutvala i norske kommunar og fylkeskommunar». Dette var bestilt av og sendt til KMD si arbeidsgruppe som skulle føreslå tiltak for å styrka eigenkontrollen i kommunar og fylkeskommunar.
- I 2014 skreiv Deloitte ei «Evaluering av kontrollutval og kontrollutvalssekretariat» på oppdrag for KMD. Kapittel 9 omhandlar kontrollutvalssekretariata og her er ulike ordningar omtalt.

Det var endringar blant sekretariata frå 2009 til 2014, noko det og har vore seinare, men her vert teke utgangspunkt i slik oppsettet var i 2014. I Deloitte sitt dokument er sekretariatsordningane grovsortert som 5 modellar:

#### **Modell 1: Kommunale samarbeidsløsningar (Interkommunale selskaper og samarbeid)**

*«Mer enn fire av fem kontrollutvalg får sekretariattjenester levert fra en virksomhet som er organisert som et interkommunalt selskap (IKS) eller interkommunalt samarbeid (drøyt 81 prosent). Kartleggingen viser at det i dag er 15 sekretariater som er organisert som et IKS. Disse virksomhetene betjener rundt 47 prosent av norske kommuner. Videre er det 17 interkommunale samarbeid etter kommuneloven § 27 eller vertskommunemodell etter kommuneloven § 28 som benyttes av rundt 35 prosent av kommunene. I tillegg kommer kommunale bytteordninger (se nedenfor). Et samarbeid med andre kommuner lokalisert i samme distrikt/region er således den vanligste modellen.»*

#### **Modell 2: Eget sekretariat**

*«Tre kommuner (Oslo, Bærum, Bergen) og fem fylkeskommuner (Sogn og Fjordane, Møre- og Romsdal, Rogaland, Nordland og Hordaland) har et eget sekretariat underlagt kontrollutvalget. Dette innebærer at to prosent av norske kontrollutvalg har ansatt eget sekretariat. I disse kommunene er den/de ansatte i sekretariatet ansatt i den kommunen som kontrollutvalget dekker, men den/de ansatte er direkte underlagt kontrollutvalget. Hordaland Fylkeskommune har eget sekretariat, men denne modellen omtales også nedenfor, ettersom dette sekretariatet betjener en rekke andre kommuner i fylket (modell 3). For Hordaland Fylkeskommune plasseres dette sekretariatet likevel her under modell 2.»*

#### **Modell 3: Kjøp fra andre kommuner/fylkeskommuner, herunder kommunal bytteordning**

*«Drøyt fire prosent av norske kontrollutvalg kjøper sekretariattjenester fra andre kommuner/fylkeskommuner. Hordaland Fylkeskommune (HFK) er i dag sekretariat for 17*

*kontrollutvalg utover eget kontrollutvalg. Dette utgjør rundt fire prosent av norske kontrollutvalg. De ansatte i HFK-sekretariatet er ansatt i fylkeskommunen. I Hordaland finnes det også eksempel på en kommunal bytteordning der kommunene Askøy og Vaksdal leverer sekretariattjenester til hverandre.»*

**Modell 4: Kjøp fra private selskaper (AS) og «sekretariatselskap»**

*«Ni prosent av norske kontrollutvalg får sekretariattjenester gjennom kjøp fra private selskaper og «sekretariatselskap» Herunder er det rundt fire prosent av norske kontrollutvalg kjøper sekretariattjenester fra tre ulike private revisjonsselskap. ...»*

**Modell 5: Kjøp fra andre, herunder private/enkeltpersoner**

*«Til sammen 17 kontrollutvalg (4 prosent) får sekretariatstjenester fra åtte enkeltpersoner. Fem er bare sekretær for én enkeltkommune, mens de øvrige tre har flere. ...»*

I kontrollutvala sitt fellesmøte vart det konstatert at begge fylkeskommunane har eige sekretariat, samt at sekretariatet i Hordaland også sel tenester til 17 kommunale kontrollutval og kontrollutvalet til eit kyrkjeleg fellesråd.

Etter lovendringsa i 2004 hadde kontrollutvalsleiar i Hordaland fylkeskommune møte med kommunane i Hordaland om dei var interessert i eit samarbeid om den nye sekretariatsfunksjonen og i tilfelle på kva måte. Tilbakemeldinga var at mange kommunar ønskte å delta i ei slik ordning, men dei ønskte ikkje å vera med på eigarsida. Heller reint kjøp av sekretariatstenester mellom fylkeskommune og kommunar.

Slik vart det. Såleis oppnådde ein at det var minst to heiltidstilsette i sekretariatet. Då var ein fleire som kunne drøfta ulike problemstillingar undervegs, ein fekk synergieffekt ved at det positive som skjedde i eit kontrollutval kunne formidlast til andre utval og ein vart mindre sårbar ved sjukdom, ferie og vakans. Ettersom fleire og fleire kommunar har meldt si interesse etter kvart, er her no fleire tilsette. Fleire avtalar gjeld forøvrig langt vidare enn til tidspunkt for fylkessamanslåinga.

Det var stemning blant kontrollutvala for å halda fram med noverande ordning, underforstått eige sekretariat. Vidare vart det framført at det var viktig å ha og betjena dei eksterne kundane godt. Dermed er ein på modell 2-3. Undervegs vart «eigenregi» nytta som eit omgrep som illustrasjon på noverande ordning. Det omgrepet kan lett forvekslast med at modell 1 også kan vera aktuell, men det vart ikkje framført noko i fellesmøtet om at selskapsdanning eller interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 eller § 28 var eit spor å gå vidare på. Derfor vel ein å ikkje nytta dette omgrepet vidare.

Konklusjon om sekretariatsordning.

Den nye fylkeskommunen held fram med å ha eige kontrollutvalssekretariat med eigne tilsette, inkl. sal av sekretariatstenester opp mot kontrollutval i kommunar mv.

Tilsetting av kontrollsjef

I Hordaland fylkeskommune er kontrollsjefen leiar av eit sekretariatet med 5 tilsette som betjener 19 kontrollorgan. I Sogn og Fjordane fylkeskommune er det kontrollsjef som betjener fylkeskommunen sitt kontrollutval.

I kontrollutvala sitt fellesmøte vart framført at ein måtte få avklart kven som skulle vera kontrollsjef for den nye fylkeskommunen etter at sekretariatsordninga var fastlagt. Kontrollutvala meinte at ein av dei to kontrollsjefane vart kontrollsjef i den nye fylkeskommune, at funksjonstida var frå 01.01.2020, men at vedkomande også kunne gjera/leia saksførebuande arbeid ift. ny fylkeskommune før denne er etablert. Det kunne gjerne drøftast med personalavdelingane og tillitsvalde korleis ein skulle gå fram.

I Hordaland fylkeskommune er det i dag kontrollutvalet som har tilsettingsmynde for kontrollsjefen, medan kontrollsjefen er blitt delegert tilsettingsmynde og andre arbeidsgjevarfunksjonar overfor øvrige tilsette. I prosessen med samanslåing av to fylkeskommunar er dette vanskelegare, ettersom ein har to kontrollutval.

Det vert skua til Fellesnemnda sitt arbeid med å rekruttera framtidig fylkesrådmann. Jmf. Fellesnemnda si sak PS 5/17 vert det oppnemnt eit eige tilsettingsutval bestående av arbeidsutvalet og to representantar frå arbeidstakarorganisasjonane. Arbeidsutvalet er samansett av fylkesordførar, fylkesvaraordførar og ein tredje politikar frå kvar av fylkeskommunane. I lys av dette kan det t.d. vera eit tilsettingsutval for tilsetting av kontrollsjef som er samansett av dei to kontrollutvalsleiarane, dei to nestleiarane og to tillitsvalde. Vidare at desse innstiller overfor Fellesnemnda som så tilset kontrollsjef.

#### Konklusjon om tilsetting av kontrollsjef.

Det vert oppretta eit tilsettingsutval for tilsetting av kontrollsjef som er samansett av dei to kontrollutvalsleiarane, dei to nestleiarane og to tillitsvalde. Desse innstiller overfor Fellesnemnda om kven av dei noverande kontrollsjefane som skal vera kontrollsjef for den nye fylkeskommunen.

#### Organisering.

Den som skal vera kontrollsjef for ny fylkeskommune bør og vita kvar arbeidsstaden skal vera. I kontrollutvala sitt fellesmøte var framført synspunkt både på at leiaren måtte ha kontor der flest tilsette er og at dette ikkje var naudsynt ut frå teknologi. Såleis ingen konklusjon i dette møtet.

Nosituasjonen er at:

- Intensjonsavtalen mellom Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune slår fast at politisk og administrativ toppleiing set i Bergen.
- Kontrollinstituttet vert vurdert som nært relatert til leiinga. Fylkesrådmannen er ofte invitert inn i kontrollutvala sine møte og sekretariatet er tilstades i Fylkestinget, evt. på andre fylkeskommunale møte.
- Av 6 tilsette er det 5 som er samla på eit kontor i Bergen.
- Alle dei eksterne oppdraga ligg i Hordaland.

Det er naturleg at leiaren held seg der storparten av dei tilsette er, same kor mange tekniske hjelpemiddel ein kan dra nytte av, samt at det er nærleik til administrativ og politisk toppleiing.

Såleis meiner kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune at det vil vera naturleg at sekretariatet har hovudkontor i Bergen og avdelingskontor i Leikanger. Vidare at kontrollsjefen har kontortilhald på hovudkontoret i Bergen. Vi er kjend med at kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune ikkje er samd i den vurderinga. På bakgrunn av denne usemja kan det vera føremålstenleg at kontrollsjefen for den nye fylkeskommunen får fullmakt til å utgreie sak med forslag til organisering og lokalisering. Ei slik sak bør leggjast fram for dei to kontrollutvala som vedtek innstilling overfor Fellesnemnda som gjer endeleg vedtak.

Det er elles kontrollsjefen for den nye fylkeskommunen som legg opp det daglege arbeidet, inkl. arbeidsfordelinga, slik den er tenkt frå 01.01.20.

Når det no er under to år til to fylkeskommunar vert slått saman til ein, vil det vera naturleg og at evt. større endringar for eit av sekretariata vert drøfta med kontrollutvalet også i den andre fylkeskommunen.

I Hordaland fylkeskommune har tilbod om sekretariatstenester vore gjeve overfor kommunar i Hordaland. På førespurnad vart det i si tid ikkje gjeve tilbod til ein kommune i Rogaland. Tilsvarande bør tilbod etter 01.01.20 i all hovudsak vera relatert til geografisk grense for den nye fylkeskommunen.

#### Konklusjon om organisering.

Kontrollsjefen for den nye fylkeskommunen får fullmakt til å utgreie sak med forslag til organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet i den nye fylkeskommunen. Ei slik sak skal leggjast fram for dei to kontrollutvala som vedtek innstilling overfor Fellesnemnda som gjer endeleg vedtak om organisering og lokalisering.

#### Freistnad på sameining av saksframlegg.

Kontrollutvala i dei to fylkeskommunane hadde sitt andre arbeidsmøte 21.11.17. Her vart «kun» formidla at sekretariatet i Sogn og Fjordane har ein tilsett som betjener deira kontrollutval. Utvalet i Hordaland opplyste tilsvarande at sekretariatet her har 5 tilsette som betjener 19 kontrollorgan.

Tre veker etterpå – 13.12.17 – gjer kontrollutvalet i Sogn og Fjordane slik vedtak i sak 55/17, pkt. 3e:  
«Kontrollutvalsleiar fekk fullmakt til å starte ein dialog med styra i SEKOM og VEST kontroll for å diskutere framtidig samarbeid».

Kontrollutvalet i Hordaland finn det særst uheldig, at utvalet i nabofylket dreg i gang ein prosess som i ytterste konsekvens kan innebera omstrukturering av sekretariatsfunksjonen for fylkeskommunen og 24 kommunar i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, midt oppi prosessen med å slå saman våre to sekretariat. SEKOM er eit sekretariat i Sogn og Fjordane, medan Vest kontroll er eit sekretariat med sete på Søre Sunnmøre, som og er sekretariat for to kommunar i Sogn og Fjordane.

Ettersom ein i Sogn og Fjordane vel å «ri to hestar samstundes» - ein prosess der Hordaland er inkludert og ein prosess der Hordaland verken er førespurt om eller påtenkt nokon som helst slags rolle i, så har det oppstått usemje om å få til eit sams saksframlegg.

Ved siste forsøk var det semje mellom dei to utvalsleiarane om pkt. 1 og 2 i forslag til innstilling, medan det var usemje knytt til parallelle samtalar med to andre sekretariat i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, samt om lokalisering.

For å nærma seg ei innstilling som burde vera grei for begge fylkeskommunane, har Hordaland valt å utsetta spørsmålet om organisering og lokalisering til sams kontrollsjef er tilsett, og la han laga ei utgreiing om det.

#### **Forslag til innstilling**

1. Den nye fylkeskommunen held fram med å ha eige kontrollutvalssekretariat med eigne tilsette, inkl. sal av sekretariatstenester opp mot kontrollutval i kommunar mv.
2. Det vert oppretta eit tilsettingsutval for tilsetting av kontrollsjef som er samansett av dei to kontrollutvalsleiarane, dei to nestleiarane og to tillitsvalde. Desse innstiller overfor Fellesnemnda om kven av dei noverande kontrollsjefane som skal vera kontrollsjef for den nye fylkeskommunen.
3. Kontrollsjefen for den nye fylkeskommunen får fullmakt til å utgreie sak med forslag til organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet.
4. Kontrollsjefen skal leggje fram forslaget for dei to kontrollutvala som vedtek innstilling overfor Fellesnemnda som gjer endeleg vedtak om organisering og lokalisering.

Inge Reidar Kallevåg  
kontrollutvalsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*







Arkivnr: 2017/15170-10

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	21/18	12.03.2018

## Selskapskontroll av Grieghallen IKS - Status i arbeidet ved Deloitte

Bakgrunn for saka:

**I samband med sak PS 124/17 i møte i kontrollutvalet 29.11.2017 vart dette protokollert:**

### «Handsaming i møte

Line Johansen frå Deloitte presenterte den foreslåtte prosjektplanen for selskapskontroll av Grieghallen IKS og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet vart samde om innhaldet i prosjektplanen. Det betyr at punkt 2 i forslag til vedtak går ut.

Forslag til vedtak, men unntak av punkt 2, vart samrøystes vedteke

### Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller selskapskontroll av Grieghallen IKS frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
3. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Hordaland fylkesting fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
4. Det er ønskeleg at Deloitte, i samband med at revisjonsrapporten vert send på høyring til fylkesrådmannen og selskapet, ber om at dei også tar stilling til korleis forslag til tiltak som ligg i rapporten bør prioriterast.
Fylkeskommunen har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Jon Fjeldstad

Tilsynsleiar

Grethe Fjeld

Seniorrådgjevar

## **Vedlegg 1: Dokumentasjonsgrunnlaget**

Følgjande dokument inngår i dokumentasjonsgrunnlaget for tilsynet:

1. Eigenvurdering - Fylkeskommunen sitt ansvar for godkjenning, oppfølging og rettleiing av lærebedrifter
2. Rutine for godkjenning av lærebedrift
3. Fullmaktsskriv
4. Kopi av liste over godkjende lærebedrifter
5. Skjema for søknad om godkjenning som lærebedrift
6. Mal brev til Yrkesutval om bedriftsbesøk i samband med søknad om godkjenning
7. Rutine for gjennomføring av bedriftsbesøk
8. Mal for gjennomføring av besøk i bedrift
9. Agenda for dialogmøte med opplæringskontor 2017
10. Endringsskjema for lærebedrifter
11. Rutine for godkjenning av opplæringskontor
12. Retningslinjer for tap av godkjenning som lærebedrift
13. Brevmal varsel om mulig tilbaketrekking av godkjenning
14. Brevmal godkjenning som lærebedrift
15. Brevmal avslag på søknad om godkjenning
16. Skjema melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak
17. Brevmal vedtak om tap av godkjenning
18. Politisk sak om obligatorisk opplæring av faglege leiarar
19. Vedtak i OPHE i saka over
20. Politisk sak/vedtak om obligatorisk introduksjonskurs
21. Dagsorden for dialogmøter inkludert referat – 3 dømer
22. Samarbeidsavtale mellom opplæringskontor og bedrift – 3 dømer
23. Enkeltvedtak om godkjenning som lærebedrift – 5 vedtak
24. Enkeltvedtak om avslag på søknad om godkjenning som lærebedrift - 3 vedtak
25. Retur av søknad om godkjenning som lærebedrift – 2 dømer
26. Førhandsvarsel om tap av godkjenning med vedlegg – 1 døme

**Notat**Dato: 07.02.2018  
Arkivsak: 2015/10348-24  
Saksbehandlar: ingtakl

---

**Til:** Fylkesutvalet  

---

**Frå:** Fylkesrådmannen  

---

**Status for spørsmål og oversendingsforslag i fylkesutvalet pr. februar 2018**

Oversendingsforslag, spørsmål og bestillingar til fylkesrådmannen.

<b>Møte- dato</b>	<b>Sakark.nr.</b>	<b>Oversendingsforslag, spørsmål m.m.</b>	<b>Forventa svar til FUV</b>
07.12.2017	17/16071	Fylkeskommunen sin eigarskap i NDLA. Spørsmål frå Roald Stenseide, Frp	21.-22. februar
01.02.2018	18/7390	Tal i høve til kulturmidlar i Hordaland. Bestilling frå Aud Karin Oen, SV	21.-22. februar
01.02.2018	14/15940	Regelverk i samband med gruppemøte. Spørsmål frå Roald Stenseide, Frp	21.-22. februar
01.02.2018	18/7455	Garantiansvar i samband med store vegprosjekt. Spørsmål frå Roald Kvamme, A	11. april
01.02.2018	18/7456	Informasjon om kantstopp. Spørsmål frå Mona Røsvik Strømme, H	21.-22. februar
01.02.2018	18/7458	Skuleskyss i for elevar som bur i Leirvik og går på Fitjar vidaregåande skule. Spørsmål frå Sigbjørn Framnes, Frp	April
01.02.2018	18/7465	Varslingsrutinar – oppdatering. Spørsmål frå Tom Sverre Tomren, MDG	21.-22. februar





Arkivnr: 2017/17062-3

Saksbehandlar: Beate Bergsholm

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		01.02.2018

## Val av eigarrepresentantar for 2018

### Samandrag

Fylkestinget handsama i sak 119/2017 Eigarstrategi for Hordaland fylkeskommune og vedtok følgjande når det gjeld eigarrepresentasjon i generalforsamlingar, årsmøter og liknande:

#### 6. Generalforsamlingar:

*Det er fylkesordførar, fylkesordførar eller den dei gjev fullmakt som deltek i generalforsamlingar som eigarrepresentant på vegner av Hordaland fylkeskommune. Fylkesutvalet skal i byrjinga av kvart år handsame sak om eigarrepresentasjon i selskapas generalforsamlingar. Fortrinnsvis skal eigarrepresentantane veljast blant fylkesutvalets medlemmer, om ikkje fylkesordførar/fylkesvaraordførar kan møte. Eigarrepresentantane skal representere fylkeskommunen i rolla som eigar i generalforsamlingane. Hordaland fylkeskommune skal møte med eigarrepresentant i generalforsamlingar i alle selskap fylkeskommunen har eigardel i.*

Denne saka gjeld val av eigarrepresentantar til kvart selskap fylkeskommunen har eigardel i.

**Økonomi:** Ingen kjend påverknad

**Klima:** Ingen kjend påverknad

**Folkehelse:** Ingen kjend påverknad

**Regional planstrategi:** Ingen kjend påverknad

### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vel følgjande som eigarrepresentantar i selskap og verksemder:

Selskap	Sektor	Representant
Beredt AS	Arbeids- og inkluderings-bedrifter	
Hardanger AKS AS	Arbeids- og inkluderings-bedrifter	
Kveik AS (Voss Bedriftservice A/S)	Arbeids- og inkluderings-bedrifter	
Gløde AS	Arbeids- og inkluderings-bedrifter	
Opero AS	Arbeids- og inkluderings-bedrifter	
Griegghallen IKS	Eigedom	
HFK Bussanlegg AS	Eigedom	
HFK Tomt Knarvik AS	Eigedom	

BKK AS (2 repr )	Energi	
Valen kraftverk AS	Energi	
KLP	Finans	
Kommunekraft AS	Klima	
Hordaland Teater LL	Kultur	
Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske Senter AS	Kultur	
A/S Den Nationale Scene	Kultur	
Biblioteksentralen SA	Kultur	
Carte Blanche AS	Kultur	
Sunnhordland museum	Museum	
Vestnorsk Filmsenter A/S	Næringsutvikl. og samfunnsutvikl.	
Atheno AS	Næringsutvikl. og samfunnsutvikl.	
Fjord Norge AS	Næringsutvikl. og samfunnsutvikl.	
Gulen og Masfjorden Utvikling AS	Næringsutvikl. og samfunnsutvikl.	
Sarsia Development AS	Næringsutvikl. og samfunnsutvikl.	
Innovasjon Norge (foretaksmøte)	Næringsutvikl. og samfunnsutvikl.	
Bergen Vitensenter AS	Næringsutvikl. og samfunnsutvikl.	
VIGO IKS	Opplæring	
NDLA*	Opplæring	
Askøy bompengeselskap AS	Samferdsel	
Austevoll Bruselskap AS	Samferdsel	
Bergen bompengeselskap AS	Samferdsel	
Bergen-Os Bompengeselskap AS	Samferdsel	
Bømlo vegselskap AS	Samferdsel	
Fastlandsamband Halsnøy AS	Samferdsel	
Ferde AS	Samferdsel	
Bybanen AS	Samferdsel	
Hardangerbrua AS	Samferdsel	
Jondalstunnelen AS	Samferdsel	
Kvam bompengeselskap AS	Samferdsel	
Voss og omland bompengeselskap AS	Samferdsel	
E134 Haukelivegen AS	Samferdsel	
Nordhordlandspakken AS	Samferdsel	
Odda Vegfinans AS	Samferdsel	
Sunnhordland Lufthavn A/S	Samferdsel	

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



## Fylkesrådmannen, 16.01.2018

Kvart år følgjer det ei forplikting i rolla som eigar å delta i verksemdene sine øvste organ. For aksjeselskap er øvste organ generalforsamlingar, for stiftingar er det anten representantskap eller årsmøte og for andre selskapsformer kan det vere anten årsmøte, representantskap eller generalforsamling.

Lag og foreningar er ikkje med i denne saken. Fylkeskommunen er medlem i ei lang rekkje lag og foreningar eller andre organisasjonar, det er ikkje hensiktsmessig å handsame dei i denne saka av fleire grunnar. I nokre organisasjonar er det politisk representasjon og i andre er det administrativ representasjon, i nokre tilfeller er det en kombinasjon av dei to. Dei ulike organisasjonane har og til dels svært ulik organisering kva gjeld besluttande organ. Dei skil seg og frå aksjeselskap og liknande selskapsformer i korleis dei er regulert juridisk.

### Aksjeselskap

Aksjeselskap er regulert av aksjelova. Aksjelovas reglar for generalforsamlingar gjeld alle aksjeselskap. Det er styret i aksjeselskapet som er ansvarleg for innkallinga til generalforsamling. Fristen for innkalling til generalforsamling er åtte dagar.

I Eigarstrategi 2017-2020 har Hordaland fylkeskommune vedteke at selskap fylkeskommunen har eigardel i skal tidfeste generalforsamling seinast 6 veker før generalforsamling. Det tyder ikkje at saklista må vere klar, men dato skal vere satt og kommunisert til alle eigarar.

Eigarrepresentantar for Hordaland fylkeskommune pliktar å sette seg godt inn i overordna og selskapsespesifikke dokument og føringar gjedd av fylkeskommunen. Det er oppnemnd ein administrativ ansvarleg for kvart selskap:

Ansvarsområde	Namn	Avdeling	Tittel
Leiar for forumet	Beate Bergsholm	Regionalavdelinga	Spesialrådgjevar
Selskap knytt til kultursektoren	Ronny Skaar	Kultur og idrettsavdelinga	Utviklingssjef kunst- og kulturformidling
Selskap knytt til kultursektoren	David Aasen Sandved	Kultur og idrettsavdelinga	Fylkeskonservator
Biblioteksentralen	Ruth Ørnholt	Kultur og idrettsavdelinga	Fylkesbiblioteksjef
Selskap knytt til samferdselssektoren	Bjørn Inge Midtgård	Samferdselsavdelinga	Seniorrådgjevar
Vestnorsk filmsenter AS	Kari Patricia Kleppe	Regionalavdelinga	Spesialrådgjevar
Atheno	Arthur K- Arnesen	Regionalavdelinga	Seniorrådgjevar
Innovasjon Norge	Mette Nora Sætre	Regionalavdelinga	Næringssjef
Arbeids og inkluderingsbedriftene	Hans Inge Gloppen	Regionalavdelinga	Spesialrådgjevar
Selskap knytt til klimasektoren	Tale Halsør	Regionalavdelinga	Rådgjevar
Selskap knytt til eigedomssektoren	Guro Klyve	Eigedomsavdelinga	Leiar forvaltning og stab
Selskap knytt til opplæringssektoren	Birthe Andersen Haugen	Opplæringsavdelinga	Seksjonsleiar
Selskap knytt til økonomiseksjonen	Pål André Kleive	Økonomi- og organsiasjonsavdelinga	Spesialrådgjevar

Alle eigarrepresentantar pliktar sjølv å ta initiativ til å få informasjon om selskapet. Naudsynte dokument knytt til generalforsamlinga/årsmøtet vert sendt frå fylkeskommunen så snart det er motteke frå selskapa/verksemdene.

**Stiftingar**

Stiftingar er sjølveigande juridiske einingar som ikkje krev eigarrepresentasjon og blir følgd opp på anna måte.

All informasjon om selskap, er henta frå offentlege register som einingsregisteret, Brønnøysund-registeret og årsmeldingar frå selskapa. Det berre teke omsyn til lovleg godkjente vedtekter.

**Retningsliner og malar**

Det er vedteke ei rekkje retningsliner og malar som gjeld utøvinga av rolla som eigar. Desse vil bli formidla til dei valde eigarrepresentantane.

Det er forventa at eigarrepresentanten melder attende til fylkeskommunen frå generalforsamlinga, årsmøtet eller møte i representantskap. Det ligg føre eit eige skjema for slik attendemelding.

Ved forfall frå vald eigarrepresentant utpeker fylkesordførar ein representant som kan møte på vegner av fylkeskommune og gjev denne naudsynt fullmakt.

Datoar i oversikta over selskapa/verksemdene gjeld 2017 då det ikkje er motteke datoar frå andre enn BKK AS kor møtedato i skjema som er vedlagt, er for 2018. Det skal veljast to representantar til BKK AS sin generalforsamling.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018**

**Roald Stenseide, Frp**, sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Fylkesordføraren utpeikar representantar til generalforsamlingar fortrinnsvis blant fylkesutvalet sine medlemmer.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ingen røyster og fall.

Stenseide sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkesordføraren utpeikar representantar til generalforsamlingar fortrinnsvis blant fylkesutvalet sine medlemmer.

Selskap	Eigeform	Sektor	Dato	Representant	Ansvarleg adm
Beredt AS	Aksjeselskap	Arbeids- og inkluderings-bedrifter	26.06.2017		Hans Inge Gloppen
Hardanger AKS AS	Aksjeselskap	Arbeids- og inkluderings-bedrifter	07.06.2017		Hans Inge Gloppen
Kveik AS (Voss Bedriftservice A/S)	Aksjeselskap	Arbeids- og inkluderings-bedrifter	22.05.2017		Hans Inge Gloppen
Gløde AS	Aksjeselskap	Arbeids- og inkluderings-bedrifter	29.05.2017		Hans Inge Gloppen
Opero AS	Aksjeselskap	Arbeids- og inkluderings-bedrifter	26.04.2017		Hans Inge Gloppen
Grieghallen IKS	Interkommunalt selskap	Eigedom	24.05.2017		Pål Kleive
HFK Bussanlegg AS	Aksjeselskap	Eigedom	23.06.2017		Guro Klyve
HFK Tomt Knarvik AS	Aksjeselskap	Eigedom	23.06.2017		Guro Klyve
BKK AS (2 repr)	Aksjeselskap	Energi	27.04.2017		Tale Halsør
Valen kraftverk AS	Aksjeselskap	Energi	23.06.2017		Pål Kleive
KLP	Pensjonskasse	Finans	10.05.2017		Pål Kleive
Kommunekraft AS	Aksjeselskap	Klima	12.05.2017		Tale Halsør
Hordaland Teater LL	Lottlag	Kultur	25.04.2017		Ronny Skår
Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske Senter AS	Aksjeselskap	Kultur	25.04.2017		Ronny Skår
A/S Den Nationale Scene	Aksjeselskap	Kultur	24.05.2017		Ronny Skår
Biblioteksentralen SA	Samvirkeforetak	Kultur	21.06.2017		Ruth Ørnholt
Carte Blanche AS	Aksjeselskap	Kultur	26.05.2017		Ronny Skår
Vestnorsk Filmsenter A/S	Aksjeselskap	Næringsutvikl. og samfunnsutvikl.	10.05.2017		Ronny Skår
Atheno AS	Aksjeselskap	Næringsutvikl. og samfunnsutvikl.	04.05.2017		Hans Inge Gloppen
Fjord Norge AS	Aksjeselskap	Næringsutvikl. og samfunnsutvikl.	15.06.2017		Marta Rongved Dixon
Gulen og Masfjorden Utvikling AS	Aksjeselskap	Næringsutvikl. og samfunnsutvikl.	15.05.2017		Hans Inge Gloppen
Sarsia Development AS	Aksjeselskap	Næringsutvikl. og samfunnsutvikl.	29.03.2017		Arthur Arnesen
Innovasjon Norge (foretaksmøte)	Særlov	Næringsutvikl. og samfunnsutvikl.	19.06.2017		Mette Nora Sætre
Bergen Vitensenter AS	Aksjeselskap	Næringsutvikl. og samfunnsutvikl.	10.05.2017		Ingjerd Skogseid

VIGO IKS	Interkommunalt selskap	Opplæring		Birthe Haugen
NDLA*	§27 kml	Opplæring		Birthe Haugen
Askøy bompengeselskap AS	Aksjeselskap	Samferdsel	23.05.2017	Bjørn Inge Midtgård
Austevoll Bruselskap AS	Aksjeselskap	Samferdsel	29.06.2016	Bjørn Inge Midtgård
Bergen bompengeselskap AS	Aksjeselskap	Samferdsel	24.05.2017	Bjørn Inge Midtgård
Bergen-Os Bompengeselskap AS	Aksjeselskap	Samferdsel	12.05.2017	Bjørn Inge Midtgård
Bømlo vegselskap AS	Aksjeselskap	Samferdsel	07.06.2017	Bjørn Inge Midtgård
Fastlandsamband Halsnøy AS	Aksjeselskap	Samferdsel	14.06.2017	Bjørn Inge Midtgård
Ferde AS	Aksjeselskap	Samferdsel		Bjørn Inge Midtgård
Bybanen AS	Aksjeselskap	Samferdsel	18.04.2017	Bjørn Inge Midtgård
Hardangerbrua AS	Aksjeselskap	Samferdsel	16.06.2017	Bjørn Inge Midtgård
Jondalstunnelen AS	Aksjeselskap	Samferdsel	26.06.2017	Bjørn Inge Midtgård
Kvam bompengeselskap AS	Aksjeselskap	Samferdsel	23.06.2017	Bjørn Inge Midtgård
Voss og omland bompengeselskap AS	Aksjeselskap	Samferdsel	22.05.2017	Bjørn Inge Midtgård
E134 Haukelivegen AS	Aksjeselskap	Samferdsel	20.06.2017	Bjørn Inge Midtgård
Nordhordlandspakken AS	Aksjeselskap	Samferdsel	15.06.2017	Bjørn Inge Midtgård
Odda Vegfinans AS	Aksjeselskap	Samferdsel	30.05.2017	Bjørn Inge Midtgård
Sunnhordland Lufthavn A/S	Aksjeselskap	Samferdsel	15.06.2017	Bjørn Inge Midtgård

\* NDLA er et fylkeskommunalt samarbeid etter §27 i kommuneloven





Arkivnr: 2017/17062-2  
Saksbehandlar: Beate Bergsholm

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		01.02.18

## Retningslinjer for arkiv og offentlegheit i selskap fylkeskommunen eig

### Samandrag

Deloitte gjennomførte selskapskontroll av arkiv- og journalføringsplikt i selskap fylkeskommunen eig i august 2016. Desse retningslinjene er del av fylkesrådmannens oppfølging av selskapskontrollen.

Etter funn i selskapskontroll av arkiv og journalføringsplikt i selskap i Hordaland fylkeskommune, har fylkesrådmannen utarbeidd retningslinjer for arkiv- og journalføringsplikt og offentlegheit i selskapa. Alle selskap skal gjere dokumenterte vurderingar av kva krav som gjeld for selskapet. Fylkesrådmannen legg med dette fram retningslinjer for arkiv og offentlegheit i selskap fylkeskommunen eig til godkjenning. Vedtekne retningslinjer sendast alle selskap.

**Økonomi:** Saka er ikkje relevant for fylkeskommunens økonomi, budsjetter eller rekneskap.

**Klima:** Saka er ikkje relevant i høve klima

**Folkehelse:** Saka er ikkje relevant i høve folkehelsa

**Regional planstrategi:** Saka er ikkje relevant i høve regional planstrategi

### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek retningslinjer for arkiv og offentlegheit i selskap fylkeskommunen eig slik dei ligg føre.
2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen kommunisere retningslinjene til selskap som er omfatta av krava i offentleglova og arkivlova når det gjeld offentlegheit og arkiv.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 08.01.2018**

## Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet bestilte 21.9.2015 selskapskontroll «arkiv- og journalføringsplikt i selskap i Hordaland fylkeskommune» der det av den godkjende prosjektplanen går fram at føremålet med selskapskontrollen var å:

«Føremålet med prosjektet vil vere å undersøkje i kva grad selskapa fylkeskommunen har eigarskap i har arkiv- og journalføringsplikt.»

Kontrollutvalet la rapporten frå Deloitte fram for fylkestinget 14. desember 2016 kor fylkesrådmannen blir beden om å følgje opp selskapskontrollen.

Fylkestinget gjorde slikt vedtak:

På bakgrunn av selskapskontroll av «arkiv- og journalføringsplikt i selskap i Hordaland fylkeskommune, Deloitte august 2016» ber fylkestinget, fylkesrådmannen syta for å:

1. Utforme retningsliner for arkiv og offentlegheit i selskap dei har eigarskap i, for å sikra at selskapa følgjer regelverket, for å sikra innsyn i selskapa og for å sikra at arkivverdig dokumentasjon ikkje går tapt.
2. Følgje opp at det i selskapa er gjort dokumenterte vurderingar av kva krav selskapa er underlagt knytt til arkiv og journalføring.
3. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 1.3.2017 som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som har ansvaret for iverksetjinga.

Rapporten frå Deloitte slår fast at 11 fylkeskommunale selskap er omfatta av regelverket om offentlegheit i Offentleglova og Arkivlova. Vidare at fem av desse selskapa førar journal i dag, og at sju av selskapa ikkje fører journal. Fleire av journalane er registrert som mangelfulle/ufullstendige.

Rapporten og det følgjande vedtaket i fylkestinget omfattar følgjande selskap:

1. Askøy Bompengeselskap AS
2. Beredt AS
3. Bybanen AS
4. Hardanger AKS AS
5. Hardangerbrua AS
6. Hordaland Teater LL
7. Kveik AS
8. Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter AS
9. Odda Vegfinans AS
10. Sunnhordland Lufthamn AS
11. Vestnorsk Filmsenter AS

I følgje vedteken handlingsplan har fylkesrådmannen utarbeidd retningsliner for arkiv og offentlegheit i selskap fylkeskommunen eig. Prinsippa som er lagt til grunn for vurdering av kva krav selskapa er underlagt er omtala i rapporten frå selskapskontrollen og vidareført i retningslinene.


Retningslinene er vedlagt.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet vedtek retningsliner for arkiv og offentlegheit i selskap fylkeskommunen eig slik dei ligg føre.
2. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen kommunisere retningslinene til selskap som er omfatta av krava i offentleglova og arkivlova når det gjeld offentlegheit og arkiv.



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

2017

# Retningslinjer for arkiv- og journalføring i selskap i Hordaland fylkeskommune



## **OM RETNINGSLINENE**

Ansvarleg avdeling/eining: Regionalavdelinga/næringsseksjonen  
Kontaktinformasjon/ e-post: Beate Bergsholm/ beate.bergsholm@hfk.no

# INNHALD

<b>1</b>	<b>BAKGRUNN</b> .....	<b>4</b>
<b>2</b>	<b>OFFENTLEGHEIT OG JOURNALFØRING</b> .....	<b>4</b>
2.1	Kva selskap er omfatta av reglane?.....	4
<b>3</b>	<b>RUTINE FOR JOURNALFØRING, ARKIVERING OG INNSYN FOR SJØLVSTENDIGE RETTSSUBJEKT SOM MÅ FØLGE OFFENTLEGLOVA</b> .....	<b>6</b>
3.1	Føremål.....	6
3.2	Generelt .....	6
3.3	Mottak av inngående post – dokumenttype I.....	6
3.4	Utgående post – dokumenttype U.....	6
3.5	Interne dokument – dokumenttype X.....	6
3.6	Journalopplysningar .....	6
<b>4</b>	<b>PRAKTISK GJENNOMFØRING AV JOURNALFØRING OG ARKIVERING</b> .....	<b>7</b>
4.1	Oppbevaring på papir.....	7
4.2	Elektronisk lagring .....	7
<b>5</b>	<b>HANDSAMING AV KRAV OM INNSYN</b> .....	<b>7</b>
	<i>Saksbehandlingstid</i> .....	7
5.1	Avslag på krav om innsyn .....	8
5.2	Eksemplar på avslag om innsyn .....	8
<b>6</b>	<b>AVLEVERING AV ARKIVMATERIALE TIL DEPOT</b> .....	<b>9</b>
<b>7</b>	<b>VEDLEGG</b> .....	<b>10</b>
7.1	Journalstempel .....	10
7.2	Lagring av journal og tilknytte elektroniske filar i mappe i rekkjefølge innan for året .....	10
7.3	Eksempel på manuell journal .....	11

# 1 Bakgrunn

Selskapskontrollrapport innan selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i vart handsama i fylkestinget 14.12.2016 der det vart gjort slikt vedtak:

*På bakgrunn av selskapskontroll av «Arkiv- og journalføringsplikt i selskap i Hordaland fylkeskommune», ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:*

- a) *Utforme retningsliner for arkiv og offentlegheit i selskap dei har eigarskap i. Dette for å sikra at selskapa følgjer regelverket, for å sikre innsyn i selskapa og for å sikre at arkivverdige dokumentasjon ikkje går tapt.*
- b) *Følgje opp at det i selskapa er gjort dokumenterte vurderingar av kva krav selskapa er underlagt, knytt til arkiv og journalføring.*
- c) *Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 1.3.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

*Tilbakemelding frå fylkesrådmannen (punkt 1):*

*Sekretariatet ser positivt på det arbeidet som fylkesrådmannen har starta opp i samband med selskapskontroll av arkivplikt og offentlegheit i fylkeskommunale selskap. Av handlingsplanen går det fram at det meste av forbetningsarbeidet skal vera ferdig i løpet av tidleg hausten 2017. På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet be om ny status i forbetningsarbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 01.11.2017.*

Retten til innsyn i offentleg verksemd er eit grunnleggjande demokratisk prinsipp, og er godt forankra i lovverk og praksis. Dei fleste av selskapa som er eigd av Hordaland fylkeskommune er omfatta av lovverket om offentlegheit og innsyn. Som eigar er vi opptekne av at våre selskap driv etter ein høg standard når det gjeld openheit, forretningsmessige og etiske forhold.

## 2 Offentlegheit og journalføring

Revisjonsrapporten frå Deloitte drøftar kva for selskap som er omfatta av offentleglova og i kva grad selskap som har journalføringsplikt følgjer sentrale reglar knytt til offentlegheit.

Hovudprinsippet i offentleglova er at alle saksdokument i offentleg verksemd er omfatta er opne for innsyn så lenge dei ikkje er omfatta av lovforankra unnatak.

### 2.1 KVA SELSKAP ER OMFATTA AV REGLANE?

Utgangspunktet for Hordaland fylkeskommune er at det skal vere openheit om og i all vår verksemd. Men det finst nokre situasjonar og døme som treng å bli unnateke offentlegheit. Offentleglova seier kven som er omfatta av reglane i lova og forskrifta.

Alle selskap som er omfatta av lova og som det ikkje kan krevjast unnatak for, skal følgje reglane som er gitt. Dersom eit selskap skal vere unnateke offentleglova må det gjerast ei konkret vurdering av drifta i selskapet for å kunne ta stilling til om vilkåra for unnatak i regelverket er oppfylt.

I høve tilsyn og kontroll frå kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune, som gjeld mange av våre selskap, er det ein klar fordel om dokument som kan bli gjenstand for kontroll er høveleg oppbevart og arkivert.

#### 2.1.1 Offentlege organ

Offentleglova § 2 seier kva organ som er omfatta av reglane. Her går det mellom anna fram at lova gjeld for:

- Sjølvstendige rettssubjekt der stat, fylkeskommune eller kommune direkte eller indirekte har ein eigardel som gir meir enn halvparten av røystene i det øvste organet i rettssubjektet.
- Sjølvstendige rettssubjekt der stat, fylkeskommune eller kommune direkte eller indirekte har rett til å velje meir enn halvparten av medlemene i det øvste organet.

Typisk vil aksjeselskap fylkeskommunen eig vere omfatta av fyrste strekpunkt. Andre strekpunkt vil gjelde for til dømes stiftingar kor stat, fylkeskommune eller kommune har fleirtal i styret i stiftinga.

I utgangspunktet gjeld dette alle selskapa kor fylkeskommunen er eigar, så sant selskapet ikkje er omfatta av unnataka i lova.

### 2.1.2 Konkurransesituasjonen

Offentleglova gjeld ikkje for rettssubjekt «som hovudsakleg driv næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private.»

I rettleiaren til offentleglova går det fram at vurderinga av kva grad eit selskap oppfyller kriteriet mellom anna bør ta omsyn til «kor stor del av den samla omsetnaden, fortенesta, talet på tilsette, verdien av driftsmidla og marknadsverdien som knyter seg til dei delane av verksemda som er utsette for konkurranse.»

### 2.1.3 Administrativt tilsette

Etter offentlegforskrifta går det fram at offentleglova ikkje gjeld for offentlege organ som er sjølvstendige rettssubjekt utan fast tilsette i administrativ stilling.

Det er ikkje fastset noko spesifikk grense for kor stor stillingsdel ein deltidstilsett må ha for at selskapet skal vere omfatta av lova. Det er heller ikkje høve til å «organisere seg bort» frå kriteriet ved å til dømes kjøpe administrative tenester eksternt.

I oversikten under er det lista opp kva for selskap som er omfatta av offl, og kva for unnatak som gjeld for dei som ikkje er omfatta av lova. Oversikten er basert på dei vurderingane som er gjort i Deloitte selskapskontroll og er i stor grad samanfallande med same oversikt i den rapporten.

Unnateke offentleglova (konkurransesituasjon)	Unnateke etter ordlyd i forskrifta §1	Omfatta av lova
Valen kraftverk AS	AS Austevoll bruselskap	Askøy Bompengeselskap
Beredt Kompetanse AS	Bergen Bompengeselskap AS	Beredt AS
	Bergen – Os Bompengeselskap AS	Bybanen AS
	Bømlo Vegselskap AS	Gløde AS**
	Fastlandssambandet Halsnøy AS	Hardanger AKS AS
	Grieghallen IKS	Hardangerbrua AS
	HFK Bussanlegg AS*	Hordaland Teater LL
	HFK Tomt Knarvik AS	Kveik AS
	Jondalstunnelen AS	Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske senter
	Kvam Bompengeselskap AS	Odda Vegfinans AS
	Nordhordlandspakken AS	Opero AS**
	Voss og omland bompengeselskap AS	Sunnhordland Lufthavn AS
		Sørvest Bomvegselskap AS
		Vestnorsk Filmsenter

\* HFK Bussanlegg AS sine datterselskap er unnateke etter same paragraf som morselskapet, men er ikkje teke med i denne oversikta sidan den fylkeskommunale eigarskapen berre er indirekte.

\*\* I desse selskapa er eigardelen for fylkeskommunen under 20%

Oversikten over fritek ingen av selskapa frå å gjere sjølvstendige vurderingar av om dei er omfatta av offentleglova eller ikkje. Slike vurderingar skal vere skriftlege og bør vere behandla i styret i selskapet.

Arbeidsmarknadsbedriftene Beredt AS, Kveik AS, Hardanger AKS AS, Gløde AS og Opero AS har etter at Deloitte ferdigstilte selskapskontrollen, fått endringar i drifta av selskapa. Det må gjerast ei ny vurdering av forholdet til offentleglova for desse selskapa.



Sørvest Bomvegselskap AS er vurdert å vere omfatta av lova.

## **2.2 FORVENTINGAR FRÅ HORDALAND FYLKESKOMMUNE TIL SELSKAPA**

Hordaland fylkeskommune forventar at alle selskap kor vi har eigardelar følgjer opp dei reglane som gjeld for selskap i offentleg eige.

Alle selskap vil få tilsendt desse retningslinene og dei vil vere omtalt i eigarmeldingar/eigarstrategi, som også sendast selskapa.

Vi forventar at styrene i selskapa som er omfatta av lova innfører rutinar for journalføring etter dei lovar og regler som ligg. Hordaland fylkeskommune kan rådgje selskapa i saker knytt til arkivering og journalføring om det er trong til det.

Selskapa pliktar sjølv å gjere ei konkret, skriftleg vurdering av høve knytt til offentlegheit om det er endringar i rammevilkår eller anna som gjer at kriteriene for unnatak endrar seg.

# **3 Rutine for journalføring, arkivering og innsyn for sjølvstendige rettssubjekt som må følge offentleglova**

## **3.1 FØREMÅL**

Føremålet med rettleiinga er å sikre rutinar for at arkiv og journalføringsplikten vert fylgt, sikre innsyn i selskapa og sikre at arkivverdig dokumentasjon ikkje går tapt.

## **3.2 GENERELT**

Alle organ som er omfatta av offentleglova har plikt til å føre journal over saksdokumenter. Saksdokument er dokument som er komne inn til eller lagde fram for eit organ, eller som organet sjølv har oppretta, og som gjeld ansvarsområdet eller verksemda til organet. Eit dokument er oppretta når det er sendt ut av organet. Dersom dette ikkje skjer, skal dokumentet reknast som oppretta når det er ferdigstilt.

Offentleglova § 10 fyrste ledd slår fast at «Organet skal føre journal etter reglane i arkivlova med forskrifter. Journalen er en viktig inngang til arkivet for organet så vel som pressa og ålmenta sitt reiskap for å krevje innsyn.

Reglane for journalføringsplikt er heimla i offentleglova med forskrift og arkivlova med forskrift. Offentleglova og Arkivlova har ei vid definisjon av omgrepet dokument: *Med dokument er meint ei logisk avgrensa informasjonsmengd som er lagra på eit medium for seinare lesing, lyding, framsyning eller overføring.*

All post motteke til organet skal vurderast for journalføring enten den kjem via brevpost, e-post, Altinn, skjemaløysing, levert over disk eller motteke i møte.

Alle som jobbar med saksbehandling i organet skal kjenne til reglane for journalføring og arkivering. Organet må ha minst ein tilsett med ansvaret for journalføring av post.

## **3.3 MOTTAK AV INNGÅANDE POST – DOKUMENTTYPE I**

Journalføringsansvarleg mottar og opnar inngåande post til organet og vurderer om den er journalføringspliktig. Post som dannar grunnlag for saksbehandling journalførast før den vert sendt eller levert til saksbehandlar.

Journalføringsansvarleg må ha tilgang til å hente ut sakspost motteke via Altinn. Post motteke i Altinn kan skrivast ut, mellomagrast eller vidare-sendast på e-post.

Det bør opprettast eit sentralt e-postmottak for organet som blir overvaka av den eller dei som har ansvar for journalføringa.

Viss andre i organet mottar e-post som dannar grunnlag for saksbehandling eller e-post som er viktig dokumentasjon i pågåande sak, må denne vidaresendast til det sentrale e-postmottaket for journalføring.

### **3.4 UTGÅANDE POST – DOKUMENTTYPE U**

Utgående brevpost skal vere påført journalnummer.

Viss saksbehandlar nyttar e-post til utsending er det saksbehandlars ansvar å sende kopi til sentralt postmottak for journalføring.

### **3.5 INTERNE DOKUMENT – DOKUMENTTYPE X**

Interne dokument journalførast med dokumenttype X.

### **3.6 JOURNALOPPLYSNINGAR**

Følgjande opplysningar skal registrerast i journalen

- Journalføringsdato
- Journalnummer
- Sendar og/eller mottakar
- Opplysningar om sak, innhald eller emne (som oftast kan overskrifta på dokumentet nyttast/emne i e-post)
- Datering på dokumentet
- Arkivkode, ekspedisjons- eller avskrivingsdato

I tillegg kan saksbehandlar(initialar) og forfallsdato leggest inn til hjelp i den interne saksbehandlinga. Organet skal så langt som råd unngå å leggje inn teiepliktige opplysningar i journalen. Om det vert lagt inn teiepliktige opplysningar i journalen, må det lagast ei sladda versjon ved spørsmål om innsyn.

## **4 Praktisk gjennomføring av journalføring og arkivering**

Det vert anbefalt å nytte eit elektronisk sak/arkiv system for journalføring og arkivering. Elektroniske samhandlingskanalar og digitaliseringsprosessar er i utvikling og det opnar for at ein i større og større grad kan ha automatisert/forenkla journalføring og sikker utveksling av kommunikasjon gjennom ei løysing med elektronisk sak/arkiv system.

Dersom organet ikkje har eit elektronisk sak/arkivssystem må journalføring skje manuelt. Det vert anbefalt å nytte rekneark som journal. Dokumenta journalførast fortløpande innanfor året. Nytt år ny journal. Enkelte dokument må takast vare på papir og det er heimelsdokument, garantiar og avtalar som er underteikna for hand. For andre dokument som er skanna og lagra elektronisk oppbevaras papirutgåva i 3 - 6 månader for eventuell kontroll. Desse dokumenta oppbevarast etter mottatt dato.

### **4.1 OPPBEVARING PÅ PAPIR**

Inngåande brevpost stemplast, journalførast og påførast journalnummer innanfor året.

Dokumenter motteke via elektroniske kanalar skrivast ut, stemplast og journalførast.

Dokument arkiverast fortløpande etter journalnummer innanfor året, når dei er ferdigbehandla.

Reknearket skrivast ut når året er omme – Journalen er ei inngang til arkivet og skal oppbevarast saman med det.

### **4.2 ELEKTRONISK LAGRING**

Inngåande brevpost stemplast, journalførast, påførast journalnummer innanfor året, skannas, lagras på dedikert område og formidlast elektronisk til saksbehandlar.

Post motteke via Altinn lagrast på dedikert område, journalførast og formidlast elektronisk til saksbehandlar. E-post journalførast, lagrast på dedikert område og formidlast til saksbehandlar.

Ein må vere varsemd med formidling av dokument som inneheld teiepliktige opplysningar via e-post. Dokument som inneheld sensitive personopplysningar skal ikkje formidlast via e-post. Sensitive personopplysningar er definert i personopplysningsloven § 2, pkt.8.

Dokumenta må vere sikra med kopi på ekstern harddisk – «sikkerhetskopi».

## 5 Handsaming av krav om innsyn

Det må takast stilling til om ein medarbeidar skal utpeikast til å behandle alle krav om innsyn eller om saksbehandlar skal behandle krav om innsyn for sitt arbeidsfelt.

### SAKSBEHANDLINGSTID

Krav om innsyn skal avgjerast utan ugrunna opphald, normalt same dag som det kjem inn. To til tre verkedagar er akseptabelt i visse tilfelle. Om det ikkje vert gitt noko form for svar innan 5 dagar er det å sjå på som avslag og den som har bedt om innsyn kan klage.

I tilfelle der saksbehandlingstida blir lengre må vi i tråd med god forvaltningsskikk gi eit førebels svar der det blir gjort greie for årsaka til den lange behandlingstida.

OFFL § 13 - Dokumenta er omfatta av teieplikt og meiroffentlegheit skal ikkje vurderast. Det skal vurderast om vi kan gi i frå oss delar av dokument (sladding), slik at det som er unnateke ikkje går fram. § 12 a, b, eller c må nyttast i grunngjevinga om vi gir avslag. Førespurnad om oppheving av teieplikta sendast til den/dei teieplikta vedkjem, når den som ber om innsyn oppmodar om det.

OFFL § 14 – 26 - Meiroffentlegheit skal alltid vurderast. Vi må skilje på om lovteksten seier at det kan gjerast unntak frå innsyn for **opplysningar** eller det kan gjerast unntak frå innsyn for **dokument**. Overstryking (sladding) vil bare vere aktuelt når det er opna for å gjere unntak frå innsyn for opplysningar. **Sladding** - ta ei utskrift av dokumentet eller kopi av papirdokument og strek over opplysningar som er teiepliktige. Når det er gjort skal det nyttast ei kopi av det sladda dokumentet til vidareformidling.

### 5.1 AVSLAG PÅ KRAV OM INNSYN

Avslag på krav om innsyn skal vere skrifteleg. Avslaget skal alltid vise til den heimel (føresegn) som er grunnlag for avslaget, og til kva ledd, bokstav eller nummer i heimelen (føresegna) som er nytta. Eks. personlege tilhøve: *offentleglova § 13 fyrste ledd, jf. forvaltningslova § 13 fyrste ledd nr. 1.*

For OFFL § 13 må vi ta med at vi har vurdert om vi kan gi i frå oss dokument på ei slik måte at det som er unnateke ikkje går fram – sladding /§ 12.

For OFFL § 14 – 26 må vi ta med at vi har vurdert meiroffentlegheit.

For OFFL § 15 andre ledd, §§ 20-21, § 22 andre punktum, § 23 fyrste og andre ledd, § 24 fyrste og tredje ledd og § 26 andre ledd er unntakshøvet knytt til opplysningar og ikkje dokument. Her må vi også ta med at vi har vurdert om vi kan gi i frå oss dokumentet på ei slik måte at det som er unnateke ikkje går fram – sladding/§ 12.

Viss det vert sendt inn klage på avslag på innsyn og organet ikkje finn å endre vedtaket. Skal sakspapira sendast til Fylkesmannen i Hordaland som er ankeinstans for behandling av klage på avslag på innsyn.

### 5.2 DØMER PÅ AVSLAG OM INNSYN

#### 5.2.1 Delvis avslag/sladda dokument

Viser til innsynskrav i journalpost .....

Vi har gjennomgått ovannemnde dokument og skjerma opplysningar som er teiepliktige og derfor unntatt frå innsyn etter offentleglova § .....

*Lovtekst inn her* .....

Vedlagt følgjer sladda versjon.

Retten til å klage over avslag på krav om innsyn er regulert i offentleglova § 32. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunkt underretning om avslaget har kome fram til den som har kravd innsyn.

#### 5.2.2 OFFL § 13, Fvl §13, Teieplikt om forretningsforhold + § 12 A

Viser til krav om innsyn i journalpost .....

Innsynskravet blir avslått med heimel i offentleglova § 13 og forvaltningsloven § 13 første ledd nr. 2

*«2) tekniske innretninger og fremgangsmåter samt drifts- eller forretningsforhold som det vil være av konkurransemessig betydning å hemmeligholde av hensyn til den som opplysningen angår»*

Med heimel i offentleglova § 12.1 ledd bokstav a, vert resten av dokumentet unntatt, da

*”desse delane aleine vil gi eit klart misvisande inntrykk av innhaldet”*

Retten til å klage over avslag på krav om innsyn er regulert i offentleglova § 32. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunkt underretning om avslaget har kome fram til den som har kravd innsyn.

### **5.2.3 OFFL § 13, Fvl §13, Teieplikt om forretningsforhold + § 12 B**

Viser til krav om innsyn i journalpost .....

Innsynskravet blir avslått med heimel i offentleglova § 13 og forvaltningsloven § 13 første ledd nr. 2

«2) tekniske innretninger og fremgangsmåter samt drifts- eller forretningsforhold som det vil være av konkurransemessig betydning å hemmeligholde av hensyn til den som opplysningen angår»

Med heimell i offentleglova § 12.1 ledd bokstav b, vert hele dokumentet unntatt, da opplysningar som er unntatt offentlegheit

*”vil vere urimeleg arbeidskrevjande for organet å skilje dei ut”*

Retten til å klage over avslag på krav om innsyn er regulert i offentleglova § 32. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunkt underretning om avslaget har kome fram til den som har kravd innsyn.

### **5.2.4 OFFL § 13, Fvl §13, Teieplikt om forretningsforhold + § 12 C**

Viser til krav om innsyn i journalpost .....

Innsynskravet blir avslått med heimel i offentleglova § 13 og forvaltningsloven § 13 første ledd nr. 2

«2) tekniske innretninger og fremgangsmåter samt drifts- eller forretningsforhold som det vil være av konkurransemessig betydning å hemmeligholde av hensyn til den som opplysningen angår»

Med heimel i offentleglova § 12.1 ledd bokstav c, vert heile dokumentet unntatt, da opplysningar som er unntatt offentlegheit

*”utgjer den vesentlige delen av dokumentet”*

Retten til å klage over avslag på krav om innsyn er regulert i offentleglova § 32. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunkt underretning om avslaget har kome fram til den som har kravd innsyn.

### **5.2.5 OFFL § 14, 1 ledd Organinterne dokument**

Viser til krav om innsyn i journalpost .....

Innsynskravet blir avslått med heimel i offentleglova § 14, 1. ledd

«Eit organ kan gjere unntak frå innsyn for dokument som organet har utarbeidd for si eiga interne saksførebuing.»

Meirinnsyn har vore vurdert, jf. Offentleglova § 11.

Retten til å klage over avslag på krav om innsyn er regulert i offentleglova § 32. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunkt underretning om avslaget har kome fram til den som har kravd innsyn.

### **5.2.6 OFFL § 15, 1 ledd – Dokument innhenta....**

Viser til krav om innsyn i journalpost .....

Innsynskravet blir avslått med heimel i offentleglova § 15, 1. ledd

«Når det er nødvendig for å sikre forsvarlege interne avgjerdsprosessar, kan organet gjere unntak frå innsyn for dokument som organet har innhenta frå eit underordna organ til bruk i den interne saksførebuinga si.»

Meirinnsyn har vore vurdert, jf. Offentleglova § 11.

Retten til å klage over avslag på krav om innsyn er regulert i offentleglova § 32. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunkt underretning om avslaget har kome fram til den som har kravd innsyn.

## **6 Avlevering av arkivmateriale til depot**

Avlevering av arkivmateriale må avtalast med Fylkesarkivet. Papirarkiv skal være ordna og pakka før avlevering.

#### **Lenker**

[Offentleglova](#)

[Offentlegforskrifta](#)

[Arkivlova](#)

Forskrift om offentlig arkiv  
Personopplysningsloven

Vedlegg 1: Døme på manuell journal (rekneark)


Vedlegg 2: Døme på stempel og elektronisk lagring

# 7 Vedlegg


## 7.1 JOURNALSTEMPEL



## 7.2 LAGRING AV JOURNAL OG TILKNYTTTE ELEKTRONISKE FILAR I MAPPE I REKKJEFØLGE INNAN FOR ÅRET







HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

Agnes Mowinckels gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen  
Telefon: 55 23 90 00  
E-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkeetinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.





Arkivnr: 2014/19488-12

Saksbehandlar: Johan J Meyer

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Administrasjonsutvalet	7/18	13.02.2018
Hovudarbeidsmiljøutvalet		16.02.2018
Fylkesutvalet		21.02.2018

### Revisjon av rutine for varsling

#### Samandrag

Rutinane for varsling var sist til behandling i Fylkesutvalet i mai 2017. Stortinget endra noko på arbeidsmiljølova sine reglar om varsling kort tid etter dette, slik at det no er trong for tilsvarande justering av rutinane både med omsyn til anonym varsling og at innleigd arbeidstakar har fått sjølvstendig rett til å varsle. I tillegg har Fylkesrådmannen på bakgrunn av seinare erfaring frå arbeidet i varslingsutvalet foreslått justeringar mellom anna med omsyn til betre oppfølging av varslaren.

**Økonomi:** Utan betydning

**Klima:** Utan betydning

**Folkehelse:** Utan betydning

**Regional planstrategi:** Utan betydning

#### Forslag til innstilling

Utkast til revidert rutine for varsling i Hordaland fylkeskommune vert gjort gjeldande som rutine for varsling i Hordaland fylkeskommune.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Rutine for varsling i HFK, revidert februar 2018

## Fylkesrådmannen, 24.01.2018

Her vert kort gjort greie for endringane som er foreslått i rutine for varsling i Hordaland fylkeskommune med grunnlag i seinare lovendringar og også frå erfaring frå arbeidet i varslingsutvalet. Det vert referert direkte til utkastet som ligg som vedlegg til saka.

To endringar er foreslått som følgje av at arbeidsmiljølova er endra:

### Side 1, om føremål:

Varslingsreglane skal no og gjelde for innleigde arbeidstakarar.

### Side 3, om ekstern varsling pkt a:

Rutinen er endra for å ivareta anonymiteten til ekstern varslar.

Andre forslag til endringar med grunnlag i erfaringar frå varslingsutvalet:

### Side 3, om mottak av varsel:

Her vert det presisert at den som mottok eit varsel har plikt til å søke råd om korleis varselet skal handterast dersom ein er uviss. Formålet er å sikre korrekt handtering av varselet.

### Side 3, om sakshandsaming, pkt a:

Grenseoppgangen mellom eit «avvik» og eit «varsel» kan vere uklart for den som melder ei sak. I tvilstilfelle er det difor greitt å få ei tidleg avklaring på om saka skal handterast som eit avvik i avvikssystemet eller som eit varsel som skal følgje varslingsrutinen. Dersom varslaren sitt overordna mål er at noko må rettast opp i, og forholdet er av ein slik karakter at dette lar seg gjere, kan det vere slik at varslaren ser seg nøgd med ei tilbakemelding om at forholdet vil bli handtert.

Varslaren kan utan omsyn til dette på eit seinare tidspunkt kome attende og gje beskjed om at saka likevel skal registrerast som formelt varsel dersom han/ho opplev at lite eller ingenting skjer i saka.

### Side 4, om sakshandsaming pkt e:

Dette punktet er endra slik at det og vil omfatte saker som allereie i startfasen vert avslutta. Varslaren vil i slike tilfelle kanskje ikkje forstå kvifor saka vart stansa og kanskje heller ikkje kan akseptere dette. Ekstern frittstående bistand kan i slike tilfelle vere nødvendig for å hjelpe varslaren.

### Side 5, om rettsvern ved varsling:

Her er foreslått to nye avsnitt kring påstand om gjengjelding.

Målsettinga med avsnitt to er at ein ved påstand om ulovleg gjengjelding må få fram alle relevante faktum for å kunne vurdere påstanden. Dersom ein kjem til at varslar har blitt utsett for ulovleg gjengjelding, bør målsettinga vere om mogeleg å få til eit utanomrettsleg forlik som vil vere både ressurseffektivt og kunne skåne partane, ikkje minst varslar, for den påkjenninga det vil vere å gjennomføre ein offentleg prosess.

Det tredje avsnittet omhandlar varslingsutvalet sin kompetanse generelt til å kunne gje uttale i spørsmål om gjengjelding har funne stad. Utvalet sin kompetanse strekkjer seg ikkje utover det å kunne gje ei uttale, det har ikkje avgjerande mynde i slike saker.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 22.02.2018

**Aud Karin Oen (SV)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Under overskrift Definisjonar.  
Døme på kritikkverdige forhold er:  
Nytt strekpunkt

- seksuell trakassering.»

### **Røysting**

Innstillinga med Oen sitt forslag vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

